



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 307/6 - Brakstad indre - arealoverføring - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 02.12.2021. Saka gjeld søknad om arealoverføring og dispensasjon frå LNF-formålet i arealdelen av kommuneplanen for tidlegare Meland kommune. Det er søkt om overføring av om lag 356m² frå gnr. 307 bnr. 6 til gnr. 307 bnr. 15.

Gnr. 307 bnr. 6 er ein landbrukseigedom som er registrert med eit areal på omlag 246 daa i matrikkelen. Gnr. 307 bnr. 15 er ein 465m² stor eigedom, som var frådelt som hyttetomt, men det er godkjent og bygd bustadhus på eigedomen.

Aktuelt areal er klassifisert som bygd og fulldyrka areal i NIBIO sitt gardskart. Omlag 115m², slik det er teikna i situasjonskartet, er registrert som fulldyrka areal.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Det er eit nasjonalt mål å omdisponere så lite dyrka mark som mogleg. Fulldyrka mark representerer den mest verdifulle landbruksjorda. Vi vurderer det som uheldig å overfører slikt areal til ei bustadeigedom. Arealet er allereie noko oppstykk, men arealoverføringa slik den er vist, vil ytterleg splitte opp landbrukseigedomen.

Statsforvaltaren rår ifrå overføring av fulldyrka mark frå landbrukseigedom til bustadeigedom. Vi ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN